



AUSTRHEIM KOMMUNE
Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM

Dato: 15.11.2018
Vår ref.: 2016/4091-52
Saksbehandlar: snowaag
Dykkar ref.: 17/963

Fråsegn til kommuneplanen sin arealdel i Austrheim kommune 2018-2028 - tredje gongs offentleg ettersyn.

Vi viser til brev datert 19.10.2018 om offentleg ettersyn av Austrheim kommune sin arealdel til kommuneplan. Denne er no sendt på tredje gongs høyring. Fylkeskommunen har hatt omfattande sakshandsaming av dei to føregåande planforslaga, med politisk handsaming i Utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) henholdsvis 08.06.2016 og 20.03.2018. Fråsegn med tredje gongs høyring vert ikkje gjenstand for politisk handsaming, men vert handert administrativt.

Hordaland fylkeskommune vurderer kommuneplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar, målsettingar i regionale planar og våre tidlegare fråsegn til saka.

Vurdering og innspel

Fylkeskommunen sitt innspel til tredje gongs høyring er eit administrativ fråsegn, med utgangspunkt i våre tidlegare fråsegn til 1. og 2. gongs høyring. Begge dei tidlegare uttalene til KPA for Austrheim kommune har vore politisk handsama, henholdsvis i politiske møter 08.06.2016 og 20.03.2018. Dette fråsegn er i tråd med tidlegare uttaler.

Bakgrunn

Arbeidet med KPA for Austrheim kommune vart starta opp med offentleg høyring og godkjenning av planprogram i 2013. I 2014 vart det utarbeidd ny samfunnsdel samstundes som det vart gjennomført innspelsrunde for den kommande arealplanen. Den nye samfunnsdelen vart endeleg vedteke i kommunestyret 04.02.2015.

Merknadar som vart teke til følgje av kommunestyret og ønska innarbeida i nytt planforslag, vart konsekvensvurdert av planverksemda Multiconsult i eigen rapport, hausten 2017. Konsekvensvurderinga er ytterlegare revidert etter endringar gjort mellom andre og tredje gongs ettersyn.

Kommuneplanarbeidet har vore eit viktig tema på mange folkemøte i Austrheim kommune sidan arbeidet starta i 2013.

Generelle planfaglege innspel


I brev mottatt frå Austrheim kommune 19.10.2018, om tredje gongs høyring av KPA, vert det bede om at «de som mottek denne sendinga les grundig saksutgreiinga og, den er ein viktig del av kommuneplanen sin arealdel og viser mellom anna korleis alle merknadar er vurdert og handsama etter andre gongs offentleg ettersyn».

I denne saksutgreiinga er det gjennomgått korleis Hordaland fylkeskommunes innspel er teke i vare i det endra planforslaget som no er til ettersyn. Der fylkeskommunen har hatt motsegn, har kommunen etter beste evne prøvd å imøtekomme dette, for å finne ei semje som gjer at våre motsegn kan trekkast. Dette gjeld mellom anna for motsegn knytt til handel, akvakultur og kulturminner. Når det gjeld oppfølging av motsegnspunkt på kulturminner, gjenstår det det noen tekniske endringer som må til for at fylkeskommunen sine kulturminnefaglege motsegn kan trekkast. Dette er det en direkte dialog mellom Austrheim kommune og Fylkeskonservatoren på. Motsegn knytt til handel og akvakultur vert med dette trekt.

Vidare er det fleire punkter som fylkeskommunen har oppfordra kommunen til å endre, der kommunen har imøtekomen noen av disse. Vi stiller oss positive til at foreslått bustadområde på Toftegård (B45) no er trekt ut av siste planforslag. Vidare er bustadområde på Vardetangen som vi har vore kritisk til redusert i omfang, med omsyn til friluftsliv, biologisk mangfald og kystlandskap.

Planskildringa slår fast at den reviderte konsekvensutgreiinga frå andre gongs høyring til tredje gongs høyring er gjort for fire arealinnspel, der i bland to som fylkeskommunen har hatt fokus på i tidligare fråsegn. Desse to er Øksnesmarka (næringsareal) og Vardetangen (bustadareal). «Dei andre merknadane frå andre gongs offentleg ettersyn er ikkje KU vurdert då dei ikkje har ført til føreslåtte endringar i arealbruken til planforslaget som vert sendt ut på tredje gongs offentleg ettersyn», heiter det i planskildringa. Med bakgrunn i dette vert vårt fråsegn til tredje gongs høyring konsentrert til dei to områda, Vardetangen og Øksnesmarka.

Vardetangen (B40 og BA)– tredje gongs høyring:




I fråsegn til andre gongs høyring oppfordra vi kommunen til å fjerne bustadareal på Vardetangen (sjå fråsegn til andre gongs høyring for grunngjevinga). Med bakgrunn i innspel til andre gongs høyring, og vurderingar i konsekvensutgreiinga, er bustadarealet redusert i omfang. Konsekvensutgreiinga bemerkar at dei negative verknadane av eit eventuelt bustadfelt her, vert påverka av omfanget av utbygginga. Vi oppmodar kommunen om å legge til rette gjennom føresegn at det eventuelt vert ein skånsam utbygging av området, som og tek omsyn til naturmangfald, landskapsverdiar og potensiell fjernverknad.


Øksnesmarka – tredje gongs høyring




Faktisk situasjon




Gjeldande KPA



1. gongs høyring



2. gongs høyring



3. gongs høyring

Fylkeskommunen har vore tydelege på at vistøttar forslaget om å endre arealformål for Øksnesmarka frå Næringsareal (i gjeldande KPA) til LNF-område, slik det vart gjort til første gongs høyring i 2016. Forslaget om endring til LNF-formål i Øksnesmarka ved første gongs høyring, hausta då både politisk og fagleg administrativt ros frå Fylkeskommunen.

Ved andre gongs høyring hadde kommunen vald å legge inn igjen eit næringsområde i Øksnesmarka (N18), til tross for betydelege negative konsekvensar (jf. konsekvensutgreiinga). I saksutgreiinga til

fylkeskommunen har vi ein grundig gjennomgang av konsekvensar av næringsareal i Øksnesmarka, mellom anna basert på KU, og det vart vedtatt følgjande i KIRU, 20. mars 2018:

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vil trekke frem verdiane i Øksnesmarka, i høve til friluftsliv, folkehelse, landskap, kulturminner og naturmangfald. Ny kunnskap sidan vedtak av gjeldande kommuneplan (2006) har ytterlegare forsterka desse verdiane. Det er difor viktig at kommunen veg næringsinteresser opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Bruk av Øksnesmarka som næringsområde er konfliktfylt i høve desse verdiane. Utvalet rår difor i frå å legge til rette for næringsareal (N18) i Øksnesmarka.

Vi vil understreke at næringsareal i Øksnesmarka til dels er motstridande med forslag til arealstrategiar i kommunen, som til dømes arealstrategi for landskap, fysisk aktivitet, friluftsliv, folkehelse og biologisk mangfald. I samsvar med samfunnsdelen vart arealbruken for næring til første gongs høyring konsentrert omkring næringsutviklinga på Mongstad.

Til tredje gongs høyring er næringsareala redusert i høve til gjeldande KPA. Konsekvensutgreiing av dagens høyringsforslag, er likevel tydeleg på anbefalingane; det er negativ konsekvens for landskap (-1), friluftsliv (-2), naturmangfald (-2), helse (-1), ROS (-1), born og unge (-1), strandzone (-1). Samfunnsmessege høve får ein positiv score (+2), men det vert og i vurderinga for samfunnsmessege høve vurdert at: *Natur- og friluftsverdiane er viktige for lokalsamfunnet. Naturverdiane er av nasjonal betydning. Næringsområde med kai vil neppe komme i konflikt med andre næringer, slik som akvakultur og reketråling. Utvikling av næring i området vil vere positivt for næringsinteressene i Austrheim kommune. I eit regionalt perspektiv er behovet for næring i dette området lite dokumentert. Omsynet til potensiell næringsutvikling i Austrheim må vurderast opp mot dei store negative konsekvensane av å ta i bruk eit urørt område.*

Totalt sett vert det eit resultat på minus sju (-7) når ein vurderer negative og positive konsekvensar av næringsareal i Øksnesmarka. Konsekvensutgreiinga slår fast at Øksnesmarka bør vere eit LNF-område, og at sjølv om næringsområdet er noko redusert mellom andre og tredje gongs høyring, vil denne reduksjonen ha lite å seie for konsekvensane. Ettersom det føreslåtte næringsområdet med hamn ligg langt inne i eit urørt område, vil ein reduksjon av næringsarealet ha lite å seie for konsekvensane. Området vert opna opp med vegtilkomst, og arealbeslaget til næring vil påverke eit større område.

Fylkeskommunen si samla vurdering knytt til arealdisponeringa i Øksnesmarka står framleis ved lag. Dette er basert på vurderingar og uttaler gjort ved førre høyringsrunde, vurderingar knytt til andre plantema ved andre gongs høyring, og med bakgrunn i konsekvensutgreiingar til både første, andre og tredje gongs handsaming av planforslaget. Vi viser spesifikt til side 16 – 19 i vårt fråsegn av 22.03.2018 for utfyllande vurderingar knytt til arealformål i Øksnesmarka.

Fylkeskommunen vil difor igjen presisere at vi **rår ifrå næringsareal i Øksnesmarka**. Vi vurderer at det er betydelege større negative konsekvensar enn positive konsekvensar av næringsareal i Øksnesmarka.

Senterutvikling

Kommunen har teke inn føresegn om sentrumsformål; § 1.6.14, som gjeld føresegn for handelsverksemd i kommunen. Denne føresegn er basert på Regional plan for attraktive senter i Hordaland. Kommunen kan med fordel endre ordlyden i det aktuelle føresegn, og gjere den meir eksplisitt gjeldande for Austrheim kommune. Det gjeld til dømes dei retningsgivande sentrumsutstrekningane. Her er intensjonen at kommunen skal definere eigne og stadtilpassa sentrumsutstrekning gjennom eigen kommuneplanprosess, eller gjennom kommunedelplanar/områdeplanar. I påvente av at kommunen gjer eit val på kor desse grensene bør gå, er det retningsgivande utstrekning gitt i regional plan. Dato for vedteken kommuneplan kan og med fordel tilpassast Austrheim si eigen KPA.

Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert planen som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Fylkeskonservatoren har ansvar for å samordne kulturminnefaglege innspel frå Riksantikvaren og Bergens Sjøfartsmuseum.

Me visar til pkt. 7 i vedtak i utval for kultur, idrett og regional utvikling av 08.06.2016 sak 87/16, samt vårt fråsegn datert 22.03.2018.

Austrheim kommune sitt forslag til kommuneplan er i strid med kulturminne av nasjonal interesse. Det er framleis knytt motsegn til punkt 2. og 3. i det nemnde vedtaket. Følgjande må rettast opp i planframlegget:

Så langt me kan sjå er ikkje bevaring kulturmiljø (H570) kartfesta. Det er knytt føresegn til temaet i KPA § 4.2.5. Bevaring kulturmiljø (H570), i planskildring og saksdokument skriv kommunen at «nokre område har fått omsynssone» og at «føresegn og plankart vert retta opp i samsvar med merknad». Omsynssonene må markerast i plankartet.

Mellomalderkyrkjegarden er ikkje lagt inn med bandlagt område (H730) i plankart for mellomalderkyrkjegard på Austrheim (Askeladden id 83830-4). Me visar i denne samanhengen til Riksantikvarens uttale, tidlegare fråsegn og e-post korrespondanse, mellom Elizabeth Warren og Sigrun Wølstad ved Fylkeskonservatoren og Asbjørn Nagel Toft, avdelingsleiar i Austrheim kommune, 16.01.2018 og 19.11.18.

Merknad

Me ser at det gjennom kommuneplanens fråsegn § 1.2.2 (h) gis fritak frå detaljregulering for plassering av jord- og torvmasser som skal nyttas direkte til landbruksproduksjon i LNF område. Me minner om at kulturminnelovas (kml) § 25 skal vere oppfylt i desse sakene, Fylkeskonservatoren skal varslas om tiltak slik at me kan gje uttale i forhold til kml §§ 3, 8 og 9.

Konsekvensutgreiing (KU) av nytt areal i 3. gongs høyring

Vi viser til vår fråsegn til 2. gongs høyring, punkt 8.

- Sjølv om planlagt næringsområde ved Øksnesmarka N18 er noko redusert i høve til det første framlegget, har det stort potensial for funn av arkeologisk kulturminne. Dette er framleis ikkje tilfredsstillande dekt i konsekvensutgreiinga.
- Vi saknar framleis ei vurdering av konsekvensane nye byggeområde vil ha for den *Indre farleia - kulturhistoriske landskap av nasjonale interesse*.
- Byggeområdet Austrheimsvågen – tiltak 118 side 39 i revidert KU - bør ha plankrav for å ta tilstrekkeleg omsyn til kulturminneinteresse i den vidare prosessen.
- Alle kulturminne som er freda etter kulturminnelova kan og gis omsynssone (H730), sona angir områder for bandlegging. Dette gjeld for alle slags fredingar eller vern etter kulturminnelova. I KPA er det så lang me kan sjå berre dei arkeologiske lokalitetane ved Fosenstraumen og nokre av lokalitetane langs Fennesstraumen gitt omsynssone H730.

Næring

I ein kystkommune som Austrheim er det mange verksemder som har behov for sjønære næringsareal. På lengre sikt er det også eit strategisk viktig val å behalda, vidareutvikla og leggja til rette for slikt areal i kommuneplanen. Dette er også i tråd med eit sentralt resultatmål i den regionale næringsplanen, der målet er å auka næringsarealreserven i fylket vårt. KU for dette området peiker likevel på at «I eit regionalt perspektiv er behovet for næring i dette området lite dokumentert» (side 49).

I den regionale planstrategien er det også eit hovudmål å leggja til rette for ei klima- og miljøvenleg utvikling. Dette betyr at kommunen må ha ei tydeleg planstyrt, langsiktig og balansert forvaltning av areal,

natur og kulturminneressursar. Sjønære areal har mange ulike brukargrupper med motstridande syn på korleis arealet bør disponerast. Det er difor viktig at kommunen veg næringsinteresser opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser.

Akvakultur

Hordaland fylkeskommune hadde følgjande motsegner og merknader i høve akvakultur ved andre gongs høyring av kommuneplan for Austrheim:

Vedtaks punkt Akvakultur

Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner akvakultur i ikkje er ivarettatt i planframlegget frå Austrheim kommune. Det er knytt motsegn på følgjande punkt:

- *Akvakulturanlegget ved Øksneset må sikrast tilstrekkeleg areal og tilpassast faktisk plassering.*
- *Føresegn knytt til regulering av maksimal produksjon på akvakulturområdet ved Trøvika vert teke ut av planen sidan dette er forhold som vert regulert i anna lovverk, der sektorlovverket har tildelings- og tilsynsansvar.*

Utval for kultur, idrett og regional utvikling har særlege merknader når det gjeld akvakultur:

- *Det bør gjerast unnatak i føresegn for at det på akvakulturanlegg kan gjerast alle typar endringar utan krav om reguleringsplan.*
- *Det bør takast inn ei føresegn som sikrar utlegging av fortøyingar i område for ferdsel i Hoplandsosen.*

I framlegget til 3. gongs høyring er det framleis sett av tre område til akvakultur. På alle dei tre områda er det i dag godkjente løyve til oppdrett. Områda er ikkje store nok til å gjere endringar på anlegga, og det er heller ikkje sett av nye akvakulturområde i planen. Planen gir dermed ikkje mogelegheit for selskapa til å utvikle seg, og den gir heller ikkje mogelegheit til å utvikle ny akvakultur i kommunen i planperioden.

AK-området ved Øksneset er i det nye framlegget tilpassa den faktiske plasseringa av anlegget som ligg på lokaliteten. Føresegna til AK-området i Trøvika om maksimalt 1560 tonn produksjon og kun tillate å produsere torsk er tatt ut. Det er tatt inn føresegn som sikrar fortøying av akvakulturanlegg i område for Ferdslø. Med desse endringane er våre innspel tatt omsyn til, og motsegna og merknaden som gjaldt dette fell bort.

Krav om reguleringsplan for akvakultur

Kommunen har i framlegg til 3. gongs høyring framleis krav om reguleringsplan for Akvakultur, med unntak av mindre endringar på eksisterande lokalitetar. Vi syner til våre merknader frå 2. gongs høyring: Kommunen har heimel til å lage reguleringsplan for akvakulturanlegg, men Fylkeskommunen ser det som lite hensiktsmessig med ein fast praksis der det vert stilt krav om reguleringsplan for akvakultur i sjøområda. Dynamikken og utviklinga i næringa vil i større grad sette krav til fleksible planløyvingar samanlikna med arealplanlegging på land, og dei flytande anlegga kan reknast som reversible tiltak.

Fylkeskommunen, som forvaltar av akvakulturlova og planmyndighet innanfor akvakultur, kan ikkje sjå at det er forhold som treng avklaring i ein reguleringsplan som ikkje òg vil vera tema i handsaminga etter akvakulturlova. Dette heng og saman med behovet for ein rask og effektiv sakshandsamingsprosess. Vi meiner rammevilkår for arealbruk vert tilstrekkelig utgreia gjennom kommunen sin kommuneplan og gjennom handsaminga av akvakultursøknad. Ytterleg krav til regulering av arealbruk innfor akvakulturområda vil etter vår vurdering sette næringa tilbake med omsyn å ta i bruk ny teknologi og følgje den dynamikken som pregar akvakulturnæringa.

Vi syner og til Rundskriv H-6/18 frå kommunal- og moderniseringsdepartementet: *Lover og retningslinjer for planlegging og ressursutnytting i kystnære sjøområder.* Dei skriv at reguleringsplan for akvakulturanlegg vanlegvis ikkje vil være naudsynt. Normalt vil kommuneplan og lokalitetsavklaring gi dei nødvendige rammene for verksemda.

Oppsummering

Fylkeskommunen sitt innspel til tredje gongs høyring er ei administrativ fråsegn, med utgangspunkt i våre tidlegare fråsegner til 1. og 2. gongs høyring. Begge dei tidlegare uttalene til KPA for Austrheim kommune har vore politisk handsama (politiske møter 08.06.2016 og 20.03.2018). Denne fråsegna er i tråd med tidlegare uttaler.

Der fylkeskommunen til 2. gongs høyring hadde motsegn til planforslaget, har kommunen gått inn for å imøtekomme dette før 3. gongs høyring. Det gjeld mellom anna for motsegn knytt til handel, akvakultur og kulturminner.

For handel og akvakultur er fylkeskommunen sine interesser møtt, og motsegn knytt til handel og akvakultur vert med dette trekt.

Når det gjeld oppfølging av motsegnspunkt på kulturminner, gjenstår det tekniske endringar som må til for at fylkeskommunen sine kulturminnefaglege motsegnspunkt kan trekkast. Austrheim kommune sitt forslag til kommuneplan er framleis i strid med kulturminne av nasjonal interesse. Det er framleis knytt motsegn til kulturminneomsyn, jamfør punkt 2. og 3. i pkt. 7 i vedtak i utval for kultur, idrett og regional utvikling av 08.06.2016 sak 87/16, samt vår fråsegn datert 22.03.2018. Sjå saksutgreiing over for konkretisering av endring. Det er dialog mellom Austrheim kommune og Fylkeskonservatoren omkring dette.

Eva Katrine R. Taule
kst. plansjef

Snorre Waage
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Snorre Waage, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Grethe Jacobsen, Næringsseksjonen, Regionalavdelinga

Sigrun Wølstad, Fylkeskonservatoren, Avd for kultur og idrett

Vibeke Lokøy, Klima og ressursseksjonen, Avd for regional utvikling

Kopi til:

FYLKESMANNEN I HORDALAND

Statens vegvesen - Region Vest